

Miljødirektoratet
v/Statsforvaltaren i Nordland
sfnopost@statsforvalteren.no

12.2.2025

KLAGE – LØYVE TIL UTPLANTING AV UTANLANDSK TRESLAG TIL SKOGPRODUKSJON – GNR/BNR 76/1 – BRØNNØY KOMMUNE

Vi viser til sak 2024/9261, vedtaksdato 24.1.2025.

Klazarorganisasjonane arbeidar spesielt med naturmangfald. Viss det er nærare spørsmål om vår klagerett, så kan vi svare på det etter førespurnad.

Vi meiner vedtaket er feil, og at det ikkje kan gjevast løyve til å plante ut sitkagran. Vedtaket har såpass store manglar at vi meiner vedtaket er ugyldig.

Naturmangfaldlova

Det er gjeve løyve med heimel i naturmangfaldlova, står det. Det er einaste gongen naturmangfaldlova er nemnt i dette vedtaket. I eit vedtak av denne typen skal det gjerast ein del vurderingar etter naturmangfaldlova kap. II. Dei aktuelle paragrafane i lova er vagt vist til, og vurderingane blir også ganske vage.

Kunnskapsgrunnlaget

Vi kan starte med å sjå på kva kunnskapsgrunnlaget er i denne saka. Statsforvaltaren slår fast at det ikkje er registrert raudlista artar. Det kan godt vere at Statsforvaltaren ikkje har kjennskap til slike artar i området, men det er jo meininga å vurdere om slike artar finst. Så lenge ein ikkje veit om noko anna, er det naturleg å sjå på Artskart. Artskart er ikkje nemnt i vedtaket. Om det er gløymt i teksten, eller ikkje sjekka

registreringspunkt utanfor eigedomen, så finn ein nokre med sirkel som tilseier at artane kan vere registrert i omsøkte område. Nokre av dei er raudlista. Det ser altså ut som det er noko grunnleggande feil med korleis opplysningane i Artskart blir bruka. Databasen Artskart finst, men opplysningane som gjer databasen til ein tenleg reiskap er ikkje samla inn til no.


Eigedomen ser ut til å vere kring 1500 dekar, og det er registrert to funn av artar. Det ville vere langt meir normalt om det blir påvist 150 artar på eit slikt areal. Det kan ikkje bety anna enn at det ikkje er gjort registreringar. Då kan ein heller ikkje slå fast kva som finst i området, eller at noko ikkje finst.

I søknaden seier søkjar at det er sitkagran som er hogd. Det er minst ei mil til næraste sitkagran som er registrert på Artskart. Anten finst det meir i området enn det databasane fortel, eller det ikkje finst sitkagran i området.

At Statsforvaltaren meiner at det ikkje er noko å ta omsyn til der det stod skog med sitkagran noterer vi oss. Det er ikkje utenkeleg at det er sant. Det er jo nettopp eit av problema med sitkagran – at det ikkje blir plass til noko anna i ein slik skog.

Spreiing av sitkagran meir enn 100 meter frå plantefeltet er det største problemet i saker som dette. Det som måtte vekse opp utanfor hundremeteren er det ingen som vil ta ansvar for. Frøspredde tre kan få stå i fred til dei sjølv blir kongleberande. Eit par tregenerasjonar på denne måten vil føre til at sitkagran kan gjere mykje ugreie fleire kilometer frå utgangspunktet. Statsforvaltaren seier lite om det som finst på litt avstand, og det går ikkje fram kva som er undersøkt.

Artskart for området innanfor 1,5 km avstand frå hogstfeltet har ingen opplysningar om treslag. Når ein ser på flyfoto ser det ut som det er planta område med granartar og elles lauvskog, truleg mest bjørk. Lauvskogen er ganske open, slik at ein kan rekne med ein grøn botnvegetasjon.



I vedtaket står det: «*Det er ikkje registrert rødlista arter eller naturtyper, MiS-figurer, verneområder eller annan verdifull natur i eller i nærheten av plantefeltet*». Ved oppslag på Kilden finn vi ikkje at området er kartlagd, i alle fall ikkje i den opne innsynsløysinga. Vedlagde gardskart er ikkje klikkbart. Opplysningane som eventuelt finst kartlagd er ikkje transparente. At forvaltinga bruker opplysningar som ikkje er offentleg tilgjengelege utan å gjere opne vurderingar av at dette er nødvendig er ikkje greitt.

Alder og mengde på framande artar som står igjen

Når vi ser på flyfoto ser det ut til at meir enn halvparten av granskogen no er hogd. I løpet av eit par tiår vil resten av skogen bli hogd. Då står ein framfor eit val no. Ein kan la vere å plante gran, og området vender tilbake til opphaveleg skogtype litt etter kvart og truleg med behov for noko hjelp. Eller ein kan plante gran og få endå litt meir tilplanta areal enn det ein hadde for nokre få år sidan, i ytterlegare 50 år eller meir.

I vedtaket står det «*ser vi ikke at utplanting av sitkagran i disse områdene vil gi en økt samla belastning i plantefeltenes nærområde*». Dette burde ha vore sett opp mot verknaden av ikkje å plante sitkagran på nytt: I løpet av eit par tiår vil spreiiingspresset frå framande granartar bli vesentleg redusert. Den samanlikninga og vurderinga har Statsforvaltaren gløymd. Grunnen for at Statsforvaltaren skal gjere slike vurderingar finst i naturmangfaldlova:

§ 10.(økosystemtilnærming og samlet belastning)

En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.

Der står det svart på kvitt at ein skal gjere slike vurderingar, og ein skal sjå eit godt stykke inn i framtida. Eit tre som blir planta i dag kan framleis vere der om 200 år. I mellomtida kan ein få ei spreiiing langt ut over opphaveleg areal. Dette skal forvaltinga seie noko om, og det skal vere med i vurderinga i saka.

Frøspreiing og hogst</

Med venleg helsing

Arnodd Håpnes
Fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet

Einar Wilhelmsen
Generalsekretær, Sabima

Sverre Lundemo
Seniorrådgivar naturmangfald, WWF Verdens naturfond